



SAKSHANDSAMAR  
Jannie Schnedler Johansen

VÅR REF.  
14/02600-35

ARK. P - Plansaker  
248,260, 263-265,268 Bergen kom. - Ho

INNVÅLSTELEFON

982 02 795

DYKKAR DATO

VÅR DATO  
23.01.2018

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

Bybanen utbygging  
PB 7900  
5020 BERGEN

Vedtak om utgifter til særskilt gransking av automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 10 første ledd, som er heimla i reguleringsplan for bybanen frå sentrum til Fyllingsdalen, delstrekning 1 Nonneseter - Kronstad, fl. gnr./bnr., Bergen kommune, Hordaland

**Konflikt med kokegroper, dyrkings - og busetjingsspor, id 224929, Årstad gnr. 163, bnr. 66 og 70**

Vi viser til brev frå Hordaland fylkeskommune av 19. desember 2017 om gjennomføring av arkeologisk utgraving av kulturminne id 224929 på Årstad, gnr. 163, bnr. 66 og 70, i Bergen kommune. Vi viser også til brev av 15. januar 2018 frå Universitetsmuseet i Bergen til Riksantikvaren.

Saka gjeld tiltak som skal setjast i gong etter reguleringsplan for bybanen frå sentrum til Fyllingsdalen, på delstrekninga Nonneseter - Kronstad, i Bergen kommune. Reguleringsplanen blei vedteken 21. juni 2017 med m.a. følgjande reguleringsføresegner:

§ 2.4.2 Før iverksetting av tiltak i medhold av planen i området øst for Fløenbakken/vest for Alrekstad skole, skal det foretas arkeologisk utgraving av det berørte automatisk fredete kulturminneområdet id 224929, markert som bestemmelsesområde #6 i plankart.

Det skal tas kontakt med Hordaland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomføres slik at omfanget av den arkeologiske granskningen kan fastsettes.

De, Bybanen utbygging, skal dekkje kostnader til særskilt gransking av automatisk freda kulturminne, som er sett som vilkår for dispensasjon etter kulturminnelova § 8 fjerde ledd. Dette følgjer av kulturminnelova § 10 første ledd første punktum. Det er Riksantikvaren som fattar vedtak om omfanget av ei slik gransking, jf. forskrift om fagleg ansvarsfordeling mv. etter kulturminnelova § 12 nr. 1.

Universitetsmuseet i Bergen har utarbeidd forslag til prosjektskildring med omfang og kostnader for arkeologiske utgravingar av kulturminna, sjå vedlegg. Budsjettet er oppjustert ein del i høve framlegget til budsjett som vart utarbeidd i samband med vår godkjenning av planframlegget, i brev datert 9. mars 2017. Grunnen til dette er at Riksantikvaren etterfølgjande har sett nærare på budsjettframlegget og prosjektplanen, og har vurdert at omfanget ikkje tok tilstrekkeleg høgde for at utgravinga, etter Riksantikvaren sin vurdering, er særskilt komplisert, og potensialet for at det oppstår uføresette komplikasjonar er stor. Dersom slike komplikasjonar oppstår vil det lett kunne forseinka arbeidets progresjon og dermed vere fordyrande.

Riksantikvaren påla derfor museet å legge på ein økonomisk buffer i budsjettet. Dersom det ikkje oppstår uføresette forhold undervegs i utgravinga, av den typen som Riksantikvaren har vurdert som moglege, vil denne bufferen ikkje bli brukt. Riksantikvaren har vurdert det reviderte budsjettforslaget til museet, og sluttar seg til dette. Budsjettet for det arkeologiske arbeidet omfattar utgifter til fleire tenester som tiltakshavar har høve til å skaffe sjølve, til dømes gravemaskin, brakker og leigebilar. Dersom de ynskjer å skaffe og organisere desse, eller andre tenester sjølve, må de avtale dette direkte med museet. Det er ein føresetnad at det utstyret de sjølve skaffar, held den kvaliteten og dei spesifikasjonane som museet krev. De kan lese meir om dette her:

[http://www.riksantikvaren.no/content/download/18636/119824/file/Arkeologiske\\_kulturminner\\_retningslinjer\\_budsjettering\\_2011.pdf](http://www.riksantikvaren.no/content/download/18636/119824/file/Arkeologiske_kulturminner_retningslinjer_budsjettering_2011.pdf)

Kulturminnet id 224929 omfattar spor etter både tidleg jordbruk og førhistorisk busetjing. Dyrkingslaga er djupe og godt bevarte og vitnar om høg alder og lang brukstid. Det skal utførast ein rekkje ulike analyser av jordbruksspora for å komme nærare ein forståing av gjødslinga i området og kvar ein har dyrka kva på det som har vore dei førhistoriske åkrane. Kokegropene på lokaliteten ligg slik til i terrenget at dei kanskje kan settast i samanheng med førhistorisk kult.

#### **Vedtak:**

Etter kulturminnelova § 10 første ledd første punktum og reguleringsføresegnene § 2.4.2) i reguleringsplan for bybanen frå sentrum til Fyllingsdalen, delstrekning 1 Nonneseter – Kronstad, i Bergen kommune, fastset Riksantikvaren at Bergen kommune skal koste den naudsynte arkeologiske utgravinga når tiltak skal setjast i gong etter reguleringsplanen, jf. vedlagte prosjektplan datert 15. januar 2018.

Granskinga kjem på kr 2 753 037,- (2018-kroner og satsar), jf. vedlagt budsjett.

De må avklare eventuelle praktiske tilhøve i forkant av gjennomføringa av det arkeologiske feltarbeidet. Dette skal bli gjort etter avtale med museet.

Dersom det går lang tid før utgravinga blir gjennomført, vil det kunne oppstå endra føresetnader for omfanget av den arkeologiske granskinga. Dette kan føre til endringar i både prosjektplan og budsjett. Det vert difor satt ein frist for gyldigheita av dette vedtaket på tre – 3 – år.

#### **Klagerett**

Vedtaket til Riksantikvaren kan klagast på til Klima- og miljødepartementet innan tre veker etter at dette brevet er motteke, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Ein eventuell klage kan sendast til Riksantikvaren, men klagen skal vere stila og retta mot Klima- og miljødepartementet (KLD).

#### **Framdrift og gjennomføring**

Den arkeologiske utgravinga kan ikkje starte før klagefristen er gått ut. Riksantikvaren rår dykk til å kontakte museet for nærare avtale om starttidspunkt for den arkeologiske utgravinga, og for å avklare dei praktiske tilhøva som er omtalte i vedtaket.

#### **Ferdigmelding**

Når dei arkeologiske utgravingane er ferdige, sender museet melding om dette til

Riksantikvaren. Riksantikvaren vil så snart som råd etter dette sende ut ei ferdigmelding. Først når de har motteke ferdigmeldinga frå oss, kan tiltaket bli gjennomført.

Beste helsing

Isa Trøim (e.f.)  
seksjonssjef

Jannie Schnedler Johansen

**Brevet er elektronisk godkjend**

Vedlegg: Budsjett datert 15. januar 2018  
Prosjektplan datert 15. januar 2018

Kopi til: Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen/ Universitetsmuseet i  
Bergen - Fornminneseksjonen, Postboks 7800, 5020 BERGEN/ Bergen kommune, Postboks 7700,  
5020 BERGEN